

MILJØVAL I KVARDAGEN



VOSS KOMMUNE

IHM

VOSS NATURVERNLAG

FORORD

Overforbruk, ureining og nedbygging av areal i industrilanda er årsak til mange av dei globale miljøproblema. Eksempel på dette er klimaendringar, nedbryting av ozonlaget og utrydding av planter og dyr. Utslepp av giftige kjemikalier påverkar også helsa vår. Fleire miljøgifter finn vi att i næringskjeda, m.a i morsmjølka og i maten vi et. Ofte synes miljøproblema å vera så kompliserte og uløyslege at vi føler det er lite vi kan gjera.

Men dersom fleire tek steg i retning av å vera meir miljømedvitne, er det mykje som kan betrast. Kunnskap om miljøproblema og vilje til handling, er viktig i denne samanheng. Verdenskommisjonen for miljø og utvikling definerte berekraftig utvikling og gav oss slagordet "tenkja globalt og handla lokalt". I sluttdokumentet frå FN sin store miljøkonferanse i Rio de Janeiro i 1992 vart det fokusert på at lokalsamfunna bør mobiliserast til innsats for ei berekraftig utvikling.

I dette heftet kjem vi med ulike råd om korleis vi kan opptre meir miljøvenleg i det daglege. Vi håpar det kan vera til nytte for hushaldningar, næringsliv og i skulen.

Heftet er laga i eit samarbeid mellom Voss kommune, Indre Hordaland Miljøverk og Voss Naturvernlag. Vi takkar "Grønn hverdag" for nyttige råd, og for løyve til å nytta deira teikningar. Takk også til Hordaland Fylkeskommune for tilskot til heftet.



Bjørn Cristensen
ordførar
Voss kommune



Kristian Østrem
styreleiar
Indre Hordaland Miljøverk



Solveig Heim
prosjektansvarleg
Voss Naturvernlag



Redaksjon : Ellen T. Astrup, Solveig Heim og Gunnar Bergo
Teikningar : Svein Nyhus/Grønn hverdag
Trykt på resirkulert papir, mai 2003. Voss Prenteverk A/S.

INNHALD

1. Miljøvenleg forbruk	s. 3
2. Energibruk	s. 6
3. Miljøvenlege hus	s. 8
4. Ville naboar	s. 10
5. Fritid	s. 12
6. Bilbruk	s. 13
7. Miljøval på arbeid	s. 14
8. Avfall	s. 18
9. Miljøvernpris	s. 24
10. Nyttige adresser	s. 25

1. MILJØVENLEG FORBRUK

Reduser forbruket

Det er stor forskjell på fattig og på rik, og dermed også svært ulik bruk av naturressursane på jorda. I Noreg brukar vi ca. 3 gonger meir kjøt, fisk, mjølkeprodukt, energi, metall og areal enn ein gjennomsnittleg verdsbor- gar.

Å redusera forbruket/kjøpa mindre er noko av det mest miljøvenlege du kan gjera! Her er nokre råd til deg som vil redusera forbruket :

Kva kan du gjera ?

- Kjøp mindre. Tenk over kva du treng, – og kva du kan klara deg utan
- Unngå eingongsartiklar (servise, bestikk, duk, grill, fotoapparat o.l.)
- Skriv handleliste - gjer ferre spontan- kjøp
- Sei nei takk til reklame (merk postkas- sa)
- Gje tid, fellesopplevingar og miljøven- lege tenester som gåve, i staden for ting
- Tenk etter om du kan spara noko ved å bruka oppvaskklut, tøyserviett, tøy- bleier, matboks, handlenett, e-post, brukt data-/kopipapir til kladdepapir osb.



Reduser miljøbelastninga når du kjøper

Fleire av dei produkta vi brukar i kvardagen fører til utslepp av miljø- og helseskadelege stoff, og krev store mengder energi eller andre ressursar. Dette kan skje når produkta vert laga, når vi brukar dei, eller når dei til slutt vert avfall. Vi veit at forbrukarpress hjelper. Produsentane har byrja å ta forbrukaren og miljøet på alvor.

Sjå og spør etter desse miljømerka når du handlar:

Svanemerket



Debio



Trygg Tekstil



Vil du både vera miljømedviten og handla solidarisk med dei som produserer maten vår, så sjå etter Max Havelaar-merka produkt. Dette merket finst på m.a. kaffi og te. For å få oversikt over konkrete varer som er gode miljøval, sjå Stiftelsen Miljømerking og Naturvernforbundet sin handleguide (kap 10; Nyttige adresser).

Mat

Mat kan med fordel vera økologisk dyrka, utan bruk av kunstgjødsel eller kjemiske sprøytemiddel. Det er og positivt om maten er lokalt produsert og laga av råvarer frå grunnen. Ved å velja økologisk produsert mat støtter du og opp om eit meir miljøvenleg jordbruk. Det er både produsentar og forhandlarar av økologiske produkt i Voss kommune.



Papir

Papir, t.d. tørke- og toalettpapir, skrive-, kladde- og kopipapir, konvoluttar og kaffi-/tefilter, bør vera ubleika, d.v.s. ikkje bleika med klorhaldige sambindingar eller oksygen. Papir bør og aller helst vera resirkulert, d.v.s. laga av returpapir (gjeld ikkje kaffi- og tefilter).

Bleier

Bleier bør kunne brukast opp att. Vel derfor tøybleier. Slik unngår du store avfallsmengder. Du kjem også økonomisk rimelegare ut. Indre Hordaland Miljøverk har starta eit "tøybleieprosjekt" for å motivera til bruk av tøybleier. Abonentar som kan dokumentera bruk av slike bleier vil få tilskot.

Reingjering, klevask, oppvask

Reingjering kan vera energikrevjande og føra til miljøskadelege utslepp. Unngå skyllemiddel. Bruk vaskemiddel utan bleikemiddel for farga klevask. Handoppvaskmiddel er mest skånsamt mot miljøet. Bruk gjerne grønsåpe i staden for kjemiske reingjeringsmiddel. Eddik er bakteriehemmande, og kan nyttast til vask av toalett o.l.. Prøv å unngå vaskemiddel som inneheld fosfat, EDTA, NTA, nonylfenol, og reingjeringsmiddel som inneheld klor.

Kva kan du gjera ?

- Vel varer som er miljømerka og økologisk produsert
- Bruk *Naturvernforbundet* sin handleguide
- Støtt *MaxHavelaar* / Rettferdig handel
- Vel varer som har god kvalitet; varar lenge og kan reparerast
- Vel varer som er lokalprodusert og krev mindre transport
- Kjøp minst mogleg emballasje
- Kjøp ikkje varer som er laga av tre frå tropisk regnskog
- Unngå PVC-plast
- Unngå kle av syntetiske stoff, særleg PVC og akryl
- Unngå produkt med løysemiddel

Gjenbruk, fleirbruk, låneordningar

For å redusera energi- og ressursbruken er det viktig at kvart produkt varer lengst mogleg, og vert til nytte for flest mogleg.

Kva kan du gjera ?

- Reparer i staden for å kasta. Lat klede gå i arv
- Leig eller lån i staden for å kjøpa nytt
- Bruk biblioteket
- Bruk skomakar, verkstader, o.a
- Lever til - og kjøp frå, loppemarknad og brukthandel (Bytebua og Fretex)



Vil du vita meir:

Stiftelsen Miljømerking, Norges Naturvernforbund, Grønn Hverdag (sjå kap. 10)

2. ENERGI BRUK

Å redusere energibruken er eit viktig tiltak i miljøvernarbeidet. Nordmenn er nest etter nordamerikanarane dei største energisløsarane i verda. Vi brukar dobbelt så mykje elektrisitet og olje som ein gjennomsnittleg europear. Mest energi går med til hushald og transport. Flyreiser er t.d. svært energikrevjande.

Her vil vi ta føre oss den energien vi bruker i hushaldet, på lys, varme og elektriske maskiner. Gjennom å endra enkelte vanar, og gjere nokre små, lønsamme investeringar kan dei fleste norske hushald spara 20% av denne energien. Dersom alle hushald i Noreg gjorde dette ville det tilsvare energien til to gasskraftverk eller 8 Altakraftverk (Hareide, 1996).

Ein bør starta med å finna ut kor mange kilowatt-timar og kroner ein brukar i løpet av eit år. Sjå på elektrisitetsrekninga eller ring energiverket. Hugs å leggja til for innkjøp av ved eller olje.

Det viktigaste vi kan gjera er å bruka minst mogleg energi. Det nest viktigaste er å velja den minst skadelege typen energi til oppvarming. Straum

kjem frå vasskraft, og er ei fornybar energikjelde i motsetnad til olje. Kraftutbygging har øydelagd og skada mange vassdrag, men når skaden fyrst har skjedd er produksjon av straum nesten utan ureining. Ved er og ei fornybar energikjelde. Nye vedomnar (kjøpt etter 1. juli 1998) har ei meir fullstendig forbrenning enn gamle og utsleppet av svevestøv er kraftig redusert. Alternative energikjelder som varmpumpe, biobrensel, solpanel og vindkraft vil truleg verta billegare og er endå betre for miljøet.

Oppvarming står for omlag 55% av energibruken i huset. Det er derfor eit nyttig tips å skru ned romtemperaturen, spesielt om natta og når ein er lenge borte. Bruk termostat og nattsinking på panelomnar og fyringsanlegg. Det er lurt å tetta huset der det er trekk (med t.d. tetningslister). Vi bør likevel ikkje overdriva isoleringa slik at huset vert for tett. Av omsyn til helse og innklima, må vi syta for lufting og ventilasjon.

Varmepumpe i kombinasjon med vannboren varme i golva er ein god kombinasjon. Varmepumpe gjev behageleg varme, godt innklima, er miljøvenleg, økonomisk og kan henta varme frå luft, jord, fjell, grunnvatn eller sjø. Dersom varmpumpa får levera varme ved låg temperatur kan den gje frå seg 3-4 gonger meir varme enn det den brukar av elektrisk energi. Ei varmpumpe er ei stor investering, men i ein normal einebustad er den gjerne tent inn etter 4-8 år. Det finst og tilskotsordningar for kjøp av varmpumpe.

Kva kan du gjera ?

- Reduser energibruken og bruk mest mogleg miljøvenleg energi
- Invester i tidsur (nattsinking av temperaturen)
- Bruk energieffektiv vedomn med katalysator
- Bruk tørr ved og god trekk
- Spar varmtvatn ved t.d. å kjøpa sparedusj, tetta pakningar på varmtvassskranar og ha fulle vaske- og oppvaskmaskiner. Bruk tørketrommel minst mogleg.
- Reduser vasketemperaturar og kutt ut forvask
- Slå av inne- og uteljos vi kan klare oss utan. Bruk sparepærer



Ein kan og minske energikostnadane ved å installera balansert ventilasjon med varmegjenvinning og filtrering av inneluft. Andre miljøvenlege og økonomisk gunstige tiltak er: nattsinking av temperaturen, sparedusj, sparepærer m.m..

Vil du vita meir :

Vestnorsk Enøk AS gjev råd om korleis vi kan spara energi,
tlf. 55 30 75 00

Grøn ENØK-telefon 800 49 003

Enova : www.enova.no

Hareide, Dag. 1996. Naturlig Vis. Gyldendal Norsk Forlag

3. MILJØVENLEGE HUS

Det er ikkje lett å byggja miljøvenlege hus. Ofte er avgrensa økonomi og manglande kompetanse avgjerande for dei ulike vala ein tek undervegs. Tenk likevel miljø og kvalitet! Eit hus skal vara lenge!

Byggjestad

Ta omsyn til mikroklimaet på tomta, det er viktig for energibruken i bustaden. Ta og vare på vegetasjonen. Rett plassering av huset på tomta er også estetisk viktig.

Hustype

Huset bør tilpassast tomta ein byggjar på. Det er viktig å ta omsyn til lokal byggeskikk. Store hus krev meir energi og er som regel dyrare å byggja enn mindre hus. Planløyning og romplassering er viktig for varmfordelinga i huset (fleire etasjar der varme rom ligg øverst). Plasser "varme" rom mot sør og "kalde" rom mot nord, eventuelt mot den sida som er mest utsett for vind. Mange og store vindauger kan gje eit relativt stort varmetap. Standardane i byggjeforskriftene set minstekrav til isolasjon av nye bustadar. Desse bør også vera retningsgjevande ved rehabilitering av eldre hus.

Materialar

Trehus er som regel sunnast og mest miljøvenlege. Bruk minst mogleg syntetiske materialar. Sjå etter miljømerking på bygningsprodukt. Godkjende miljømerker er: Svanemerket, EU-blomsten og FSC (Forest Stewardship Council).

Trykkimpregnert trevirke: Frå 1. oktober 2002 vart det forbode å selja CCA (kopar, krom, arsen)- og kreosotimpregnert trevirke. Det finst alternativ til trykkimpregnert tre, t.d. kjerneved av furu (al), sibirsk lerk, tungmetallfri trykkimpregnering (TMF).

Regnskogtømmer: Tømmer frå tropiske regnskogar (merbau, teak, mahogni m.fl.) vert brukt i mange slags byggjevarer som parkett, ytterdører, garasjeportar m.m. I dei aller fleste tilfella kjem dette tropetømmeret frå ufor-svarleg hogst, som fører til øydeleggjing av dei mest utsette og mest arts-rike områda i verda. Ein bør derfor unngå slike treslag. Dersom ein "må" ha mørkt treslag, så pass på at det er godkjent av det uavhengige kontrollorganet FSC.

Bygningsplater: Desse produkta har gjennomgått store forbetringar dei siste åra og dei fleste er relativt uproblematiske i dag. Trefiberplater (hunto-nitt), gipsplater og tregipsplater inneheld ikkje limstoff.

Golv og golvbelegg: Det er ei utfordring å finne materiale som er både sli- testerkt, sunt, miljøvenleg, lett å reingjera og fint. Tregolv, ekte parkett, fli- ser, stein, kork og linoleum kan tilråast.

Måling: Vel vassbasert måling innomhus. Løysmiddel bør ein unngå der- som det er mogleg. Sjå etter produkt merka med EU-blomsten.

Prøv å velja materialar som er miljøvenlege heile "livet". Bruk mest mog- leg lokalt produserte materialar for å minska transport. Sorter og lever avfall til godkjent mottak. Unngå brenning, det ureinar og er ulovleg (sjå kap. 8).

Kva kan du gjera ?

- Vurder miljøverk- nader i alle faser av husbygginga
- Ta omsyn til mikro- klima og lokal byggeskikk
- Vel miljøvenlege materialar
- Kjeldesorter avfallet og lever til godkjent mottak



4. VILLE NABOAR

Biologisk mangfald er variasjonsbreidda av artar, genar og ulike naturtypar. Fleire artar har gått sterkt tilbake eller har vorte utrydda dei siste 10-åra. På den måten vert naturen fattigare. Dette kapitlet handlar om nærnaturen vår, t.d. hagen, fellesareal i burettslaget og uteareala i skulen og barnehagen.

No er det på tide å la naturen koma tilbake. Her er nokre tips om korleis du gjer det.

Gjer omgjevnadene meir naturvenlege

Meiser, bokfink, flugesnapparar og ekorn vil helst ha omgjevnader som gjer det mogleg for dei å finna sin eigen mat. Lat gjerne eit hjørne i hagen gro vilt. Plant buskar som fuglar og dyr kan gøyma seg i. Set opp fuglekasser.

Hjelp piggsvinet

Piggsvin trivst nær menneske – om me gjer omgjevnadene trivelege for dei. Piggsvin set pris på litt rotete hagar der dei kan gøyma seg blant buskar og høgt gras. Dei likar å leite etter makk, sniglar og insekt i kortklipte delar av grasplena. På tørre, trygge stader under hus, steinheller o.l. kan piggsvina overvintre. Der byggjer dei reir av lauv, gras og jord. Piggsvinet er freda.

Vill balkong

Balkongen kan verta ein oase for både menneske og natur. I det tørre klimaet i balkongkassa trivst krydderurter som trekkjer til seg sommarfuglar.

Ta vare på markblomane

Når engene vert overgrodde, forsvinn markblomane. Men byrjar ein å slå enga med ljå att, kjem gjerne markblomane tilbake. Frøa finnst framleis i jorda. Forsøk å berga blomeenger ved å slå med ljå i juli - august.

Meir vatn

Få andre knep gjev ein så livleg omgjevnad som å la vatnet komma fram i form av bekker, dammar og små fuglebad.

Økologisk hagebruk

Kvart år vert det brukt mange tonn med sprøytemiddel i norske hagar og grøntområde. Erfaringa etter nokre tiår med giftkrig er dårleg. Sprøytemidla skadar dyr og menneske som dei ikkje var meint å ramme,

medan deler av det livet som skulle rammast, har utvikla evna til å motstå gifta. Gifta kan også hamna i grunnvatnet. Alternativet er å drive økologisk, utan bruk av gift og kunstgjødsel.



Kva kan du gjera ?

- Dyrk økologisk. Unngå giftbruk og kunstgjødsel
- Skap mangfald og variasjon
- La deler av hagen gro vilt. Mat fuglar på brett eller med fôringsautomat
- Bruk planter og frø som høyrer heime i det lokale livsmiljøet
- Bruk kompost eller naturgjødsel i staden for kunstgjødsel
- Dyrk grønsaker, poteter og nyttevekstar

Vil du vita meir:

Kontakt det lokale hagelaget (Voss Hagelag)

Hareide, Dag. 1996. Naturlig Vis. Gyldendal Norsk Forlag

5. FRITID

Friluftslivet i Noreg har lange tradisjonar og byggjer på fri ferdsle i utmark. Gjennom ulike aktivitetar får ein naturoppleving, avkopling og mosjon. Utøving av friluftsliv er i dag ein viktig faktor i helseførebyggjande arbeid. Kommunen har dei siste åra tilrettelagt fleire område for friluftsliv.

Barn og unge

Det er viktig at barn og unge lærer seg å ta i bruk naturen og bli glad i den for seinare å kunne forvalta den på ein framtidsretta måte. Foreldre, barnehagar og skule har her ei stor oppgåve i å tilretteleggja for positive naturopplevingar.

Motorferdsle i utmark

Motorisert ferdsle medfører støy- og luftureining, uroar viltet og kan føre til sårskader i terrenget. Folk flest søker naturoppleving, ro og avkopling når dei tek turar i utmarka. Terskelen for støy er derfor lågare her enn elles. Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag set klare reglar for bruk av motorkøyretøy. Kommunen kan gje løyve til nyttekøyring etter søknad.

Stålhagl

Kvart år legg norske jegerar att fleire hundre tonn bly i naturen. Bly er eit giftig tungmetall som lett vert oppløyst i sur og kalkfattig jord. Det er påvist mange tilfelle der våtmarksfugl som svaner og ender er blitt blyforgifta. Men også småvilt og rovfugl er utsett. Stålhagl er eit fullgodt alternativ. Det vert innført totalforbod mot blyhagl frå 2005.

Kva kan du gjera ?

- Bruk nærmiljøet og naturen til friluftsliv. Ta med dei unge ut i naturen
- Avgrens motorisert ferdsle i utmark til det som er strengt naudsynt – ta omsyn til andre
- Skift frå blyhagl til stålhagl no
- Ta vare på naturen – unngå forsøpling

Vil du vita meir :

Tilrettelagde friluftsområde i Voss kommune : www.voss.kommune.no
Voss Utferdslag : http://home.online.no/~prbacker/voss_utferdslag/
Den Norske Turistforening : www.turistforeningen.no

6. BILBRUK

Biltrafikken har auka eksplodivt sidan 1960 åra og er den største kjelda til luftureining i kommunen. I tillegg medfører biltrafikken store støyproblem.

Bileksosen inneheld m.a dei miljøskadlege gassane NOX, SO₂, CO₂, CO og dioksiner. Katalysatoren reduserer ein vesentleg del av dei miljøskadlege stoffa, men ikkje alt. På vinterstid er luftkvaliteten på Vangen tidvis dårlegare enn det som vert tilrådd av myndigheitene og kan samanliknast med luftkvaliteten i sterkt trafikkerte gater i storbyane. Årsaka til dette er i fyrste rekkje utslepp og støv frå biltrafikken. Sjølv om dei nye bilane vert stadig meir "miljøvenlege" bør biltrafikken reduserast, og då spesielt i sentrum. Små bilar er som oftest meir miljøvenlege enn store bilar (m.a. brukar dei mindre drivstoff).

Tomgangskøyning medfører ei ufullstendig forbrenning og gjev dubla utslepp av CO (som i sterk konsentrasjon er ein dødeleg gass). Ved tomgangskøyning brukar ein og unødvendig drivstoff og står svakt dersom bilen vert stolen. Tomgangskøyning er forbode etter § 16 i trafikkreglane. Bruk av piggdekk slit ned vegdekk og resulterer i store støvmengder, samt store vedlikehaldskostnader. Ein bil med piggdekk slit ned ca. 50 kg asfalt på strekninga Oslo –Trondheim.

Kva kan du gjera ?

- Reis med jernbane eller buss der dette er mogleg
- Organiser kameratkøyning (fleire saman i ein bil til arbeid, trening og liknande)
- Bruk beina eller sykkel som alternativ til småkøyning
- Kjøp ikkje større bil enn du treng
- Unngå tomgangskøyning
- Bruk motorvarmar på kalde dagar
- Bruk piggfrie vinterdekk
- Bruk regummierte dekk, eit bra og rimeleg alternativ til nye dekk og eit godt døme på ombruk av ressursar



7. MILJØVAL PÅ ARBEID

Voss har eit allsidig næringsliv, som i ulik grad påverkar miljøet. Verksemdar som ynskjer å satsa aktivt på miljøvern og miljøprofilering kan miljøsertifisere seg gjennom ulike ordningar som "miljøfyrtårn", "ISO 14001" m.fl.. Mange verksemdar som har miljøsertifisert seg har erfart at dei og har fått ei positiv økonomisk utvikling.

Felles utfordringar for næringslivet vil vera å:

- Fokusera på miljø og ressursbruk ved innkjøp og dagleg drift
- Hindra utslepp av miljøskadelege stoff (sjå "farleg avfall" i kap. 8)
- Kjeldesortera og handtere avfall etter gjeldande lover og reglar (sjå kap. 8)
- Leggja til rette for at dei tilsette kan reisa kollektivt eller sykla til arbeid

Mange på Voss har sin arbeidsplass på kontor. Noko av kontordrifta kan samanliknast med eit hushald der ein nyttar energi til ljøs og oppvarming, brukar produkt og ressursar som ureinar og som til slutt vert avfall. Det er ikkje små mengder det gjeld. 95 % av alt kontoravfall er papir og berre i Noreg tek vi fem milliardar papirkopiar kvart år. Skulle alle i verda bruka like mykje papir som oss, ville det ikkje vorte mange tre igjen på jorda.

Når vi tenkjer på miljøet ved innkjøp og i daglege rutinar kan vi og spare pengar utan at det treng gå ut over kvaliteten på våre produkt og tenester.



Kva kan du gjera ?

Møblar og inventar

- Unngå møblar og inventar som inneheld PVC-plast, tropisk tømmer, skumplast blåst med haloner, polyuretan,
- Reparer øydelagt utstyr
- Gje bort gamle ting, - ikkje kast det som kan nyttast av andre

Energi

- Få råd om energisparing
- Senk temperaturen om natta
- Luft kort og effektivt

Ljos

- Skift ut ljøsarmaturar som har PCB-kondensatorar
- Bruk sparepærer eller ljøsøyr
- Lever brukte ljøsøyr og sparepærer til mottak for farleg avfall
- Slå av ljøset om natta

Toalett

- bruk 100% resirkulert, ubleika papir

Papir/utstyr

- Bruk e-post og førehandsvising på datamaskina i staden for å ta prøveutskrift
- Bruk dobbelsidig kopiering
- Bruk baksida av gamle kopiar og liknande til kladdeark og notatar
- Stopp postkassereklame
- Kjøp svanemerka og helst resirkulert papir
- Bruk resirkulert papp til t.d. saksmapper, skilleblad, brevordnarar, tidsskriftboksar
- Bruk svanemerka kopimaskin og laserskrivar
- Bruk tonerkassetar som kan fyllast eller brukast om att
- Lever papir til gjenvinning

Transport

- Organiser kameratkøyring til arbeid
- Sykl til jobben
- Ha firmasykkel
- Legg seminar til stader ein kan reisa kollektivt

Landbruket er ei viktig næring i kommunen, og har stor innverknad på miljøet. Utslepp av gjødsel og silosaft til elver og vatn har vore eit problem i landbruket i mange år. I store mengder kan desse næringstoffa føra til algeoppblomstring og oksygenmangel, med fiskedød som resultat. Dei siste åra har tilhøva betra seg, men avrenning frå dyrka mark er framleis eit problem i deler av kommunen. Det er m.a. viktig å ta vare på og reetablere kantvegetasjon mot elvar og vatn. Kantvegetasjonen vil ta opp næringstoff frå dyrka mark og redusere avrenning til vassdraga. Kantvegetasjon gjev vidare variasjon i landskapet, reduserer erosjon og har viktige funksjonar for fugler og dyr.

Dei moderne driftsformene innan landbruket, med bruk av plantevernmidlar og kunstgjødsel har ført til meir einsformig landskap og aukande ureining. Fleire bønder legg derfor no om til meir økologisk drift, der ein unngår bruk av sprøytemiddel og kunstgjødsel. Det er eit nasjonalt mål at 10 % av landbruket driv økologisk innan 2010. Det finst etterkvart eit aukane vareutval som er økologisk produsert (jmf. kap 1).

Det er store skogressursar i kommunen. Store areal er tilplanta med gran og det er bygd eit omfattande vegsystem for å ta ut skogen. Dette har stor innverknad på naturmiljøet og på fleire trua plante- og dyreartar. Kommunen har dei siste åra kartlagt viktige område for viltet og for resten av det biologiske mangfaldet. I formålsparagrafen i skoglova heiter det m.a. at " det leggjast vekt på skogen sin verdi som rekreasjonskjelde for folk, som viktig del av landskapsbildet, som livsmiljø for planter og dyr og som område for jakt og fiske".

Reir av hønsehauk. Arten har gått sterk tilbake i kommunen
(foto G.Bergo)



Viktige utfordringer i landbruket :

- Tilfør gjødsel i samsvar med gjødselplanar og i samsvar med gjødsselforskrifta. Sats på naturgjødsel
- Legg om til økologisk drift
- Unngå ureining av vassdraga. Ta vare på / reetabler kantvegetasjonen langs elver og vatn
- Kjeldesorter avfall og lever avfallet til godkjent mottak. Unngå ulovleg brenning og avfallsdeponering
- Driv fleirbruk i skogen. Få utarbeid skogbruksplan der det også vert teke omsyn til det biologiske mangfaldet, friluftslivet og kulturminna i skogen



Vil du vita meir :

Miljøfyrtårn; www.miljofyrtarn.no, tlf. 38 07 50 40

Grønne tips; www.grip.no

Oikos, Økologisk landslag. www.oikos.no, tlf. 22 33 21 31

Norsk senter for økologisk landbruk, www.norsok.no, tlf. 71 53 20 00

8. AVFALL

Indre Hordaland Miljøverk (IHM) er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Hovudanlegget til verksemda er Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg.

Voss kommune har ei moderne avfallshandsaming der kjeldesortering står i fokus. Kjeldesortering er eit system som tek vare på ressursane i staden for å gjere avfall til eit problem. Vossingane er flinke til å kjeldesortere. Gjenvinningsprosenten aukar gradvis, og er no oppe i vel 54% av alt avfall.

Plast i ymse former har auka til over 20 % av alt hushaldsavfall. Våren 2002 starta derfor IHM innsamling av plastemballasje frå hushalda for å redusere mengden plast til deponi og auke gjenvinning av den verdfulle ressursen. Første året ser det ut til at vi når omlag 80 tonn innsamla plastemballasje, men vi ønskjer oss mykje meir.

Elles er det auke i innsamla mengde papir og papp, medan bioavfall har stått stille. Delen av hushalda som driv med heimekompostering, ligg stabilt på 33%.

Avfall til gjenvinning vert levert vidare til IHM sine samarbeidspartnarar, direkte, eller via Bjørkemoen. IHM har avtalar med verksemder som syter for avsetnad på avfallstypene som vert utsortert!

Til tross for god kjeldesortering og aukande gjenvinningsgrad veks den totale avfallsmengda. Dette er eit av vår tids største miljøproblem. Ein viktig oppgåve for IHM er å vera ein pådrivar for å redusere avfallsmengdene i regionen!



Vegvisar for kjeldesortering: kvar skal dei ulike avfallstypene?

- gjeld for vanlege hushald

Avfallstype/fraksjon	Leveringsstad	Ordning*
Papir, papp og drikkekartong	Dunk med blått lok	Henteordning
Bioavfall kompostbinge	Dunk med brunt lok /	Henteordning
Restavfall	Dunk med grått lok	Henteordning
Plastemballasje	Blank sekk som setjast ut saman med papirdunken	Henteordning
Klede og sko	Bytebua / Fretex / Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Glas- og metall- emballasje	I konteinarar for glas- og metallemballasje -sjå liste bak	Bringeordning
Elektrisk og elektronisk (EE) avfall	Lever til forhandlar Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Kuldemøbel	Lever til forhandlar Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Farleg avfall	Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Hageavfall	Komposter i eigen hage / Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	
Bildekk	Retur til forhandlar	Bringeordning
Ammunisjon, sprengstoff og fyrverkeri	Kontakt politiet	
Medisinrestar	Apotek	

* Henteordning: Kjeldesorteringssystem der det kjeldesorterte avfallet vert samla inn

* Bringeordning: Kjeldesorteringssystem der brukaren sjølv bringar sitt kjeldesorterte avfall til ein mottakstasjon (returpunkt) t.d. forhandlar, sentral miljøstasjon eller utplassert konteinar

Papir, papp og drikkekartong: Det meste av papiret kan gjenvinnast i ei eller anna form. Dei papirfraksjonane som er mest verd er: aviser, vekeblad, reklamebrosjyrer, kopipapir, papp og drikkekartong. Papir som er tilsølt (matpapir, tørkepapir, o.l.) eller belagt/kombinert med plast eller metall, skal ikkje i papirdunken. Dette er restavfall.



Med drikkekartong meiner ein kartongemballasje for mjølk, juice, saft, dessertar, vaskemiddel o.l. Drikkekartong må du skylje, brette og leggje i berepose på toppen i dunken med blått lokk.

Får du ikkje plass til pappen oppi dunken, kan du brette, bunte og setje den ved sida av dunken.

Tøming: Kvar 4. veke – same dag som plasten

Bioavfall (matavfall): Dersom du ønskjer å kompostera kan du skaffe deg ein kompostbinge. Denne må godkjennast av IHM. Du får reduksjon i renovasjonsavgifta når du har underteikna kontrakt, i tillegg får du eit tilskot til kjøp av kompostbingen. Det er viktig at du skaffar deg innsikt i korleis du skal heimekompostere. For nærare informasjon kan du kontakte IHM.

Dei som ikkje ønskjer å heimekompostere, leverer bioavfallet sitt i dunk med brunt lok. Dette vert levert til Bioplan sitt anlegg i Hardanger for sentralkompostering. Reingjer biodunken etter kvar tøming. Hugs at dette er ein del av arbeidsmiljøet til renovatøren.

Tøming: Kvar 2. veke

Plastemballasje: Døme på slik emballasje er isboksar, rømmebeger, shampoflasker, plastposar med meir. Dette kan gjenvinnast. Plastmøbel, legoklossar, tannbørstar, kulepennar og så vidare er ikkje emballasje, og

skal ikkje samlast inn gjennom denne ordninga. Det skal heller ikkje plastemballasje som er tilgrisa eller plastemballasje som har vore i kontakt med farleg avfall.

Blanke sekker til innsamling av plastemballasje frå hushalda får du hjå IHM eller Voss Kommune, kundetorget. På kvar sekk står det kva du kan ha oppi sekken, og kva du ikkje kan ha med. IHM har utarbeidd eigen informasjonsbrosjyre for plastinnsamlinga. Hugs, platen skal vere rein, den skal liggje laus oppi sekken - ikkje i bereposar, og korkar skal vere skrudd av! Sekken skal vere full når du sett den fram for henting.

Tøming: (henting) Kvar 4. veke – same dag som papiret!

Klede, sko: Klede og sko kan nyttast om att. Tenk etter om det er nokon som treng det du skal kvitte deg med: Familie? Vener? Naboar? Loppemarknader? Byteringar? Bruktbutikkar?

Bytebua: Strandavegen (Voss Mylna), e-post aaof@online.no
I Bytebua kan du få kjøpa og selje brukte klede, sko og anna utstyr som godt kan nyttast om att.
Klede og sko må vere fint brukt, heilt og reint
Opningstider: Torsdag frå kl. 16.00 til kl. 19.00
Laurdag frå kl. 11.00 til kl. 14.00

NB! I skuleferien (juni-august) held Bytebua berre ope laurdagar (sjå lysing i Hordaland.)

Fretex, Palmafossen, ved sidan av Kiwibutikken, tlf. 56 51 07 10
Her tek dei imot klede, sko, møblar, pyntegenstandar og anna utstyr.

Klede som kjem inn til mottaket vårt på Bjørkemoen vert for tida levert til UFF (U-hjelp frå Folk til Folk), eller til Fretex.

Klede og sko som er utslitne, skitne eller øydelagde, er restavfall

Glas- og metallemballasje: Det er sett opp 14 containrar (returpunkt) for glas- og metallemballasje rundt om i kommunen. I desse kan du leggja klart og farga glas og metallemballasje. Hugs å skylja emballasjen slik at ein unngår lukt og ureining vidare i gjenvinningsprosessen (etikettar kan sitja på).

Her finn du containerar for glas- og metallembalasje i Voss kommune:

Bolstadøyri	Skulestadmo ved COOP Prix
Evanger, parkeringsplass ved sentrum	Skulestadmo ved Super Spar Voss
Bulken på jernbanestasjonen	Vinje ved Handelslaget
Vangen bak COOP MEGA	Oppheim ved Bua
Vangen bak Idrettshallen	Palmafossen ved Kiwi
Bordalen ved butikken	Dalsleitet ved Spar Mat
Amfi Voss	Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg

Produkt som ikkje er emballasje av glas eller metall (t.d. steingods, porselen, keramikk, ljospærer, ljostoffrøyr, speglar, vindusglas, strykejern, osv.), skal ikkje leverast i konteinarane!

NB! Hugs at det finst panteordning for mineralvatn- og ølboksar. Nyttadenne! Du kan og bruke glas- og metallemballasje om att (til saft, sylte-tøy m.m.) før du leverer det til gjenvinning.

Elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall): Inneheld ei rad miljøskadelege stoff som ikkje skal i deponiet på Bjørkemoen. Alle typar kasserte elektriske og elektroniske produkt kan leverast gratis til forretningar som fører slikt (gjeld og sparepærer og lysstoffrøyr). Produkta treng ikkje å vera kjøpt der, og du treng ikkje å kjøpa noko nytt. IHM tek og imot slikt utstyr på Bjørkemoen. For hushald er dette gratis. Herifrå vert det sendt vidare til anlegg som plukkar frå kvarandre produkta og fjernar farlege miljøgifter. Metall, plast og andre deler vert sendt vidare til gjenvinning.

Kuldemøbel: Gamle kjøleskåp og fryseboksar inneheld KFK i kjøleveske og isolasjon. Forhandlarar pliktar å ta imot kasserte KFK-haldige kuldemøbel gratis i butikken. IHM tek og imot kuldemøbel gratis på Bjørkemoen.

Farleg avfall (spesialavfall): Kvart år kjem over 30 000 tonn farleg avfall på avvegar. Dersom slikt avfall kjem på avvegar, kan det skada planter og dyr. Vi treng di hjelp for å få slutt på at miljøfarleg avfall endar i deponiet på Bjørkemoen, eller i naturen. Dette avfallet skal leverast til eige mottak på Bjørkemoen. Tungmetall og andre miljøgifter følgjer næringskjeda, og hamner til slutt på ditt eige matbord. Maling, lakk, lim, løsemiddel,

whitespirit, olje, spylevæske, avfeittingsmiddel, batteri, sprayboksar, lysstoffrør, sparepærer og kvikksølvtermometer er gratis å levere for hushald. Mindre mengder pcb-haldige vindauge og trykkimpregnert materiale frå hushald er og gratis å levera til mottaket for farleg avfall på Bjørkemoen.



Hageavfall: Hageavfall som gras, kvist og greiner, kan du enkelt kompostera i din eigen hage. Ved gjenbruk av hageavfall, kan du som hageeigar dekke trongen for gjødsel og jordforbetningsmiddel på ein enkel og rimeleg måte. Dersom du ikkje ønskjer å ta hand om hageavfallet ditt sjølv, kan du levera det på Bjørkemoen. Dette er gratis. Bråtebrenning er forbode.

Restavfall: Avfall som ikkje kan gjenvinnast, til dømes plast som er tilgrisa eller som ikkje er emballasje, samansett plastemballasje (kaffi- og chipsosar), skitne og øydelagde tekstilar, bleier, bind, vattpinnar, plaster, oske, støvsugarposar, vanlege lyspærer, sikringar, keramikk, porselen, gips, lær, gummi, plexiglas, penslar, tusjar, pennar, tomme malingspann og engongsbatteri (ikkje oppladbare- og knappcellebatteri).

Treng du ekstra sekker, kan du få kjøpt slike hjå IHM.

Tøming: Kvar 2. veke i normalhushald og kvar 4. veke småhushald – same dag som bioavfallet.

Ulovlege avfallsplassar og brenning

Det er registrert over 250 ulovlege avfallsplassar i kommunen. På fleire av desse plassane vert det også brent avfall. Dei siste 10 åra har kommunen rydda og fjerna dei fleste av desse plassane. Frå 1. januar 2003 er all brenning av avfall ulovleg i Voss kommune. Dette gjeld også bråtebrenning og grasbrenning. Bakgrunnen for forbodet er å hindra luftureining og å betra tilhøva for dei som er asmatiske eller allergiske. Det er vedteke ei eiga forskrift om brenning av avfall som er tilgjengeleg i kundetorget i kommunen eller på www.voss.kommune.no

Bygg og anleggsavfall:

Bygg og anleggsavfall utgjør ein av dei største avfallsfraksjonane i Noreg. Frå 1. januar 2003 har kommunen innført nye reglar for handtering av slikt avfall. Forskrifta er tilgjengeleg i kundetorget i kommunen og på www.voss.kommune.no Den inneber m.a. at tiltakshavar (byggherre) må utarbeide eit oversyn til kommunen over avfallsmengder som vil oppstå ved eit bygge eller rivningsprosjekt (> 400m²) og vise korleis han vil ta hand om dette avfallet.

Kva kan du gjera ?

- Kjøp minst mogleg avfall. Unngå eingongsartikklar
- Bruk om att, lever til gjenbruk
- Kjeldesorter avfallet
- Handter avfallet i tråd med gjeldane lover og forskrifter

Vil du vita meir:

Indre Hordaland Miljøverk, www.ihm.no

9. MILJØVERNPRIS

Voss kommunestyre oppretta hausten 1989 ein kommunal miljøvernpris. Prisen er pr. 2002 utdelt 13 gonger til lag eller personar som har utmerka seg innan miljøvernarbeidet. Det er oppretta statuttar for miljøvernprisen (www.voss.kommune.no), der det m.a. heiter:

- Voss kommune sin miljøvernpris skal vera til heider og stimulans for einskildpersonar, lag eller bedrifter som har utmerka seg innan miljøvernarbeid i kommunen
- Miljøvernprisen skal vera eit arbeid innan kunst eller kunsthåndverk utført av lokale krefter i kommunen.
- Gjennom utlysing skal ålmenta få høve til å fremje grunngeve framlegg om aktuelle kandidatatar til prisen

10. NYTTIGE ADRESSER

Voss kommune, kundetorget tlf. 56 51 94 00

www.voss.kommune.no

Indre Hordaland Miljøverk, tlf: 56 52 99 00

www.ihm.no

Voss Naturvernlag, Pb. 462, 5703 Voss

Norges Naturvernforbund tlf. 22 40 24 00

www.naturvern.no

Grønn Hverdag tlf. 815 11 021

Miljøheimevernet. Her finn du ei rekkje tips om miljøval i kvardagen

www.gronnguide.no

Statens forurensingstilsyn (SFT) tlf. 22 57 34 00

www.sft.no, www.miljostatus.no

Stiftelsen Miljømerking tlf. 22 36 57 40

www.ecolabel.no

Debio tlf : 63 86 26 50

www.debio.no

Grønne tips (GRIP) tlf. 22 97 98 00

Informasjon om miljøvenlege produkt, energibruk m.m. Rettar seg mest mot næringslivet.

www.grip.no

Blekkulfs Miljødektiver, tlf. 22 04 46 40

www.blekkulf.no

Nettverk for miljølære, tlf. 55 58 22 27

Miljøinformasjon retta mot skulen, [www: miljolare.no](http://www.miljolare.no)

Opningstider på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg :

Måndag, tysdag, onsdag og fredag : kl 0800 – 1430

Torsdag : kl 0800 – 1800



COOP
mega

COOP litt ditt
Kjøpeutbytte

Opningstider :

Mand. – Fred. kl 9 – 20

Laurd. kl 9 – 18

Butikken med størst utval av økologiske produkt !



Miljøvenneleg
persontransport
i inn og utland

Kontakt NSB Voss

Tlf 56 52 80 00



Frå Moensvatnet (foto G.Bergo)

